



Medlemmar og varamedlemmer i FAU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2365 - 17/16767

Saksbehandlar:

Turid Kirsten Sporsheim Tvedt

turid.sporsheim.tvedt@lindas.kommune.no

Dato:

07.06.2017

Referat frå møte i FAU Kløvheim skule måndag 29.05.2017

Desse møtte: Turid S. Tvedt, Nina Kleiven, Secilie Krossvoll, Ramona B. Fjellanger, Ove Morken, Hege W. Bårdsen og Robert Hindenes.

Saker:

18- 16/17

Godkjenning av innkalling og sakliste
Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

19-16/17

Val av representant til KFU.

Turid informerte om endring og ny ordning med etablering av Kommunalt foreldreutval. Hausten 2016 gjorde Kløvheim FAU eit val av ein representant frå skulen. Foreldrerepresentanten Ingrid Hindenes vart valgt. Ho har sagt seg villig til å halde fram som foreldrerepresentant. Ho vart difor nominert av Kløvheim FAU som representant frå oss. Dei aktuelle nominerte vert kalla inn til eit felles valmøte innan 01.09.2017.

20-16/17

Rektor informerer:

- 1) TV-Aksjonen: UNICEF, som er årets innsamlar under TV- aksjonen har vore i kontakt med skulen. Dette avdi dei hadde lagt merke til eit stort engasjement på skulen i hht innsamla midlar pr. born under «Sponsor løpet» skulen arrangerte i skuletida. UNICEF Hordaland har vore i kontakt med skulen om tankar skulen har for arrangement. Rektor la fram skisse over tankar dei på skulen har gjort seg ikring dette. Tidsrom for dette er i månadsskiftet sept/ oktober evt oppunder sjølve TV- aksjonen som er 22. oktober.
- 2) Ny felles skule Kløvheim- Eikanger
Formannskapet skal torsdag 01.06.2017 på synfaring på dei aktuelle skuletomtane kl 10.00. Dei involverte partane er kalla inn til synfaringsmøte. Vår kandidat som har vore på tidlegare synfaringar, har sendt mail til adm. Vedkommande plassering. Ingen av dei tomtane som det no ligg inne forslag om, vil berøre sær mange frå Kløvheim Skule i dag i hht «nærskuleprinsippet»,

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



og det er vanskeleg å skulle uttale seg for nokre få heimar der ein sjølv ikkje høyrer til. Det er i skrivende augneblink ikkje kome svar på korleis ein skal stille seg til denne problematikken. Dei utvalgte tomtane er: Liavatnet, Revhaugane, Myråsen og Fyllingsnes.

21- 16/17 Utkast til årsmelding:
Nina las opp årsmeldinga. Nokre punkt vart kommentert og vert endra til årsmøtet.

Rekneskap: Ramona gjekk gjennom rekneskapen. Det er kome inn gåvemidlar til FAU. På grunn av desse midlane går vi i år i pluss så langt. Det er ein del utestående foreldrebetaling. Kasserar sender ut betalingpåminning til dei det gjelder.

22-16/17 Ymse:

1) Dugnad:

Ballbingen er vaska. Det tok lang tid. Turid har sendt mail om beis. Ho purrar på mail og i innmeldingssystemet VOKAL . Forelder Jan Hauge har sagt seg villig til å sprøytemale. Vi treng litt dugnadshjelp i samband med dette i forkant og etterkant.

2) «Spinning» på skuleplassen er eterkvart eit problem. Bana har dårlig grusdekke, og ofte er der mykje merke etter spinning med bil på plassen. Minner om at lag og organisasjonar som nyttar skulen/ skuleplassen, må hugse å late att porten etter seg. Turid meldte inn behov for ny grus 18.04, men ikkje noko har skjedd. Turid sender purring på grus.

3) Tur til Vil Vilte: Mellomtrinnet på skulen fekk reise inn og høyre på vinnerframlegga i regional konkurranse om « framtidens energihus». Ei gruppe frå skulen vann denne konkurransen i Lindås Kommune , og vart dermed kommunen sitt bidrag til den regionale konkurransen. Skulle det bli liknande moglegheiter att, ber vi om at skulen informerer godt om konseptet på førehand, slik at ein veit kva ein evt takkar ja/ evt nei til.

4) Myggar: Bygdelaget står som hovudinnkjøpar av « myggar» til anlegget som bygda har på skulen. Både ungdomslag, og bygdelag har allereie gitt eit bidrag. Det er kjøpt inn 5 stk myggar som skal liggje i «skåpet» på skulen, men som er til utlån ved ulike arrangement i bygda vår. FAU gjorde vedtak på å betale kr 3000,- til formålet.

Lindås 29.05.2017

Hege W. Bårdsen
- Skrivar -

Mottakarar:

Medlemmar og varamedlemmer i
FAU